

# Næringsplan

## 2011 - 2014



### **Kommunen sin visjon**

*”Hornindal kommune skal utvikle seg til å bli eit knutepunkt mellom regionar. Hornindal skal vere ein attraktiv bukommune som legg vekt på og vidareutviklar ”det gode liv” i bygda”.*

## **Hornindal kommune**



Vedteken i kommunestyret, sak 055/11  
8. september 2011

## **Innholdsliste**

1. Innleiing
  - 1.1. Bakgrunn
  - 1.2. Arbeidsgruppa
  - 1.3. Mandat
  - 1.4. Forutsetningar
2. Prioriterte satsingar
  - 2.1. Bustadar
    - 2.1.1. Status
    - 2.1.2. Mål
    - 2.1.3. Aktuelle tiltak
  - 2.2. Landbruk
    - 2.2.1. Status
    - 2.2.2. Mål
    - 2.2.3. Aktuelle tiltak
  - 2.3. Servicenæring, reiseliv og turisme
    - 2.3.1. Status
    - 2.3.2. Mål
    - 2.3.3. Aktuelle tiltak
  - 2.4. Industri og næringsutvikling
    - 2.4.1. Status
    - 2.4.2. Mål
    - 2.4.3. Aktuelle tiltak
  - 2.5. Andre prioriteringar
    - 2.5.1. Nyetableringar
    - 2.5.2. Kultur- og handverkstradisjonar
    - 2.5.3. Hornindal kommune
    - 2.5.4. Merkevarer- og omdømmebygging
    - 2.5.5. Kvivsvegen
    - 2.5.6. Hornindalsvatnet som profileringsverktøy
3. Handlingsplan 2011 – 2012
4. Oppfølging og rullering



**(Foto: Magne Håheim, STKP)**

## **1. Innleiing**

Kommunal næringsplan er ein tematisk kommunedelplan som vert handsama etter regler i plan- og bygninglova.

### **1.1 Bakgrunn**

Det kommunale arbeidet knytt til næringsutvikling skal ha eit fokus som samsvarar med næringsplanen. Planen skal vere ein reiskap for administrasjonen og politikarane når dei skal gjere prioriteringar innanfor næringsutviklingsarbeidet i kommunen, som t.d. ved løyvingar frå det kommunalt næringsfondet.

Politikarane i Hornindal har eit overordna ansvar for at næringslivet i kommunen har gode utviklingsmulegheiter. Dei skal mellom anna passe på at administrasjonen prioriterer rett innanfor næringsutviklingsarbeidet. Utval for utvikling og formannskap bør vere ekstra aktive i høve til oppfølging av næringsplanen. Dette gjeld også budsjettarbeidet, som er svært avgjerande for korleis næringsplanen skal følgjast opp.

### **1.2 Arbeidsgruppa**

Planen er utarbeida av ei arbeidsgruppe beståande av:

- Edvin Haugen, Kommunestyret
- Anne Räftevold, Utval for utvikling
- Elisabeth Grodås Kroken, Hornindal Næringslag
- Ola Inge Seljeset, Hornindal Bondelag
- Frank Westad, frå administrasjonen
- Jan Endre Nesdal, sekretær.

### **1.3 Mandat**

*Arbeidsgruppa sitt mandat er å utarbeide eit framlegg til næringsplan som byggjer på kommuneplanen og handlingsplan for utvikling, med hovudfokus på prioritering av tiltaksområder / tiltaksstrategiar. I tillegg vurdere om det er trong for å oppdatere / endre dei kommunale retningslinene for bruk av næringsfondet og eventuelt kome med framlegg til endringar.*

Varsel om oppstart av planarbeidet var annonsert i Fjordingen, Fjordabladet og på kommunen sine heimesider, med uttalefrist 31. januar 2011. I tillegg vart Hornindal Bondelag, Hornindal Næringslag, Hornindal Bonde- og småbrukarlag invitert til å kome med innspel til planen. Det har komt inn 3 innspel i planen, frå Rolf Taraldset, Knut Ove Rygg og Hornindal næringlag.

### **1.4 Forutsetningar**

Planen bygge på føringar som ligg i overordna planverk, jf

- Kommuneplan for Hornindal kommune 2005 – 2014
- Handlingsplan for utvikling i Hornindal, vedteken i kommunestyret 15.09.2005
- ”Strategi for landbruksrelastert næring og bygdeutvikling, 2011. (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane)
- ”Samla utviklingsplan for Indre Nordfjord som reisemål”

## 2. Prioriterte satsingar

### 2.1 Bustadar

I rapporten ”Næringsutvikling og attraktivitet – Kvivsregionen” frå Telemarksforsking blir Hornindal kommune karakterisert som ein typiske bustadskommune. Ein bustadskommune er basert på at folk bur i kommunen og pendlar til andre kommunar for arbeid. Opning av Kvivsvegen i 2012 vil styrke grunnlaget for busetting i Hornindal og pendling nordover til Volda, Ørsta og Ulsteinvik. Hornindal kommune skal bli eit knutepunkt mellom regionar.

I kommuneplanen har vi sagt at vi skal ”..gjere Hornindal meir attraktiv som bukommune, slik at det vert eit betre grunnlag for auka privat tenesteyting”.

Erfaringar viser at valg av første jobb etter endt utdanning ofte er avgjerande kvar ein buset seg. Ei prioritert målgruppe må vere fyrstegangsetablerarar. Vi må arbeide for eit variert butilbod i kommunen, og tilby arbeidsplassar som er attraktive både for dei med høgare utdanning og andre.

#### 2.1.1 Status

Hornindal kommune hadde 1. januar 2011 1207 innbyggjarar. Innbyggartalet har med små justeringer lege på ca 1200 innbyggjarar dei siste åra. Det er ein stabil busetnad i kommunen. Statistisk sentralforbund forventar ein svak auke i folkemengda framover. Dette bygger på naturleg utvikling. Opning av Kvivsvegen i 2012 vil vere ein faktor som aukar attraktiviteten til å bu i kommunen og jobbe i andre kommunar. Avstanden til Ulsteinvik er t.d. ca 50 minutt. Ved årsskifte 2010 – 2011 var det totalt 56 personer som pendla til kommunen for arbeid. 192 personer pendla ut av kommunen. Mesteparten av pendlinga skjer mellom Hornindal, Eid og Stryn.

Hornindal kommune har 13 ledige bustadtomtar i Kyrkjehornsbakkane bustadfelt og 3 ledige i Fannemel bustadfelt. Pris 2011 er kr 138 000. Samanlikna med nabokommunar er det ein forholdsvis lav pris. Årsaka til at tomtane ikkje er bebygde ligg i kostnadane med å opparbeide desse tomtane.

#### 2.1.2 Mål

1. Hornindal skal vere ein attraktiv kommune både å bu og jobbe i.
2. Auke innbyggartalet i kommunen
3. Prioritert målgruppe er førstegangs etablerarar

#### 2.1.3 Aktuelle tiltak

- Salg av dei 16 ledige tomtane kommunen har byggeklare til redusert pris.
- Legge til rette for nye bustadtomter, utviding av eksisterande byggefelt.
  - Utviding Kyrkjehornsbakkane og Nyland, Fannemel byggefelt
  - Vurdere utbygging i området Haugen/ Hjellbakkane
- Etablering av leiligheiter både som sjølveigar og som utleigeeiningar
  - Nye gjennomgangsbustader i sentrum
  - Kommunal garanti for bygging av leiligheiter i sentrum
- Innløyising av bustadtomtar – sentrumsnært
- Bulystprosjekt – som skal sette fokus på aktuelle velferdstiltak for å auke bulyst i kommunen.

## 2.2 Landbruk

### 2.2.1 Status

Hornindal kommune har i januar 2011, 75 bruk som søker produksjonstilskot. Kommunen har ca 11.500 da dyrka mark. I 2011 er ca 300 dekar klar til nydyrking. Det blir levert ca 4 800 000 liter melk frå kommunen, Slaktemengda frå kommunen er i 2010 ca 198 600 kg storfe, 145 800 kg gris, 30 300 kg sau.



Trenden innan landbruket er at det blir færre bønder, men dei som er igjen blir større. Dette er den generelle trenden i landet. Landbruket er fortsatt viktig både i næringsssamanheng og som busetnad.

### 2.2.2 Mål

1. **Gardbrukarane i Hornindal skal ha muligheit til å utvikle eit framtidretta landbruk**
2. **Legge til rette for at bygningsmassa skal vere framtidretta ved at dei tilfredsstiller Offenlege krav, samtidig som dei har kapasitet til å utnytte ressursane på bruket maksimalt**
3. **Auka verdiskaping basert på mat, kultur, natur og aktivitetar**
4. **Auka produktivt areal i kommunen**
5. **Busetting på alle bruk. (Lys i alle hus).**

### 2.2.3 Aktuelle tiltak

- Motivere til framtidretta satsing i dei tradisjonelle produksjonane.
- Tiltak mot dagens brukarar – unngå nedlegging.
- Kompetansebygging, miljøskaping og idemyldring.
- Kommunal støtte til kjøp av mjølkekvote.
- Tiltak mot framtidige brukarar – motivasjon og informasjon.
- Miljøskapande arrangement retta mot framtidige brukarar.
- Reetableringa av 4H i Honndalen.
- Nydyrking minimum 1000 dekar på 4 år.
- Kommunal støtte til nydyrking.
- Stimuleringstilskot ved generasjonsskifte på bruket.
- Støtte til tilleggsproduksjon innan landbrukssektoren.
- Fokus på auka verdiskaping basert på mat, kultur og natur.
- Tilleggsnæring /hjortefarm, kornøl, m.m. basert på lokale ressursar.
- Vasskraftvurdering - avklaring m.h.t. vern av vassdrag, verdien.
- Småkraftverk.
- Kartlegging av vasskraftpotensialet i Hornindal.
- Arrangement som ”bygdekafe” i tillegg til ”bondekafe”.

## 2.3 Service­nær­ing, reiseliv og turisme



### 2.3.1 Status

- Grodås er ein mykje brukt stoppestad for bussturistar på sommaren. Det ligg eit stort potensiale for sal av varer og tjenester retta mot turistar som stoppar i bygda.
- Best West Raftevolds Hotel har vore grunnmuren i reiselivet i Hornindal i over 140 år. Hotellet er og vil vere ein sentral aktør ved framtidig satsing innan reiselivet.
- Anders Svor Museum har hatt ei nedgang i besøkstalet dei siste åra. I 2010 var besøkstalet under 700.
- Harevadet hyttegrend AS er etablert og har godkjent reguleringsplan for 87 hytter i Grendadalen. I tillegg har vi fleire grunneigarar som ønskjer å legge ut areal for hyttebygging.
- Det er opparbeidd omlag 70 caravanplassar i kommunen, dei fleste nær sentrum.

### 2.3.2 Mål

- 1. Auke sal av varer og tjenester til turister og andre reisande som kjem til kommunen**
- 2. Vidareutvikle tilbod innan kultur- og naturbaserte aktivitetar og næringsutvikling**
- 3. Vi må tilby eit attraktivt sentrum både for lokalbefolkninga og for tilreisande**
- 4. Hornindal skal vere ein leiande kommunen innan tradisjons- og kulturbasert småskala reiseliv.**

### 2.3.3 Aktuelle tiltak

- Det må leggest til rette for aktivitetar og arrangement som skapar positive ringverknadar for næringslivet i kommunen
- Samarbeid med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane for å auke bruken av Anders Svor Museum
- Klarlegge og om mulig legge til rette for lokalitet for sal av varer og tjenester
- Klarlegge behov og mulighet for offentleg servicebygg i sentrum
- Innan vinterturisme må satsinga på Hornindal Skisenter og tilbodet i Grendadalen vere eit prioritert område
- Støtte etablering av aktivitetsselskap eller andre som kan koordinere og styrke dagens tilbod innan ulike arrangement som t.d. Kulturdagane, Grodås Cup, og sjå etter nye aktivitetar som t.d. festival, konsertar m.m.
- Støtte ulike natur- og kulturretta aktivitetar både for lokalbefolkning og tilreisande
- Støtte opplevingsaktivitetar i og ved vatnet og i elva
- Leggje betre til rette for bruk av naturen i Hornindal (opparbeiding av stiar, vegar mv.)
- Støtte generell marknadsføring av Hornindal kommune
- Informasjonstavle om Hornindalsvatnet 514 i sentrum
- Kommunal støtte til "MS Dølen"
- Merking av turløyper i Hornindal. Merkeprosjekt i samarbeid med Reisemål Stryn og Nordfjord
  - Støtte arbeid med kulturstiar med skilting og brosjyrar
  - Forbetring av stiar
- Utvikle tilbod knytt til bruk av naturen og setremiljøa (riding, servering, kulturformidling, m.v.)
  - Ski- og sykkeltrase frå Grendadalen til Honndøla bru
- Skiltplan for Hornindal kommune.

## 2.4 Industri og næringsutvikling

### 2.4.1 Status

- 1. januar 2011 har Hornindal kommune 601 personer i arbeid i og utanfor kommunen
  - 56 personer bur i andre kommunar og pendlar til Hornindal for dagleg arbeid
  - 192 personer bur i Hornindal og pendlar ut av kommunen
- Arbeidsledigheita er på ca 1,5 %, noko som er svært lavt i forhold til landssnittet
- Reguleringsplan for utviding av Raudemel Industriområde er forventa ferdig i løpet av 2012
- Reguleringsplan for sentrum er under arbeid, og er forventa ferdig i 2012
- Fibernettverk er lagt fram til kommunehuset. I tillegg vil det bli trukke fiberkabel gjennom Kvivsvegen når den er klar. Dette gjer at kommunen kan tilby eit sikkert og raskt nettverk
- Største private arbeidsgjevar er Ekornes Grodås
- Hornindal kommune har i 2011 fått tildelt kr 846 000 i næringsfondsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for 2011.



### 2.4.2 Mål

1. **Hornindal kommune skal tilby attraktive kontorlokaler og utbyggingsklare industri- og næringsareal**
2. **Hornindal skal vere leiande innan tradisjons- og kulturbasert småskala næringsutvikling**
3. **Arbeide for knoppskyting innan tradisjonsnæringar i bygda**
4. **Hornindal skal tilby eit godt utbygd fibernettverk.**

### 2.4.3 Aktuelle tiltak

- Kommunen må støtte etablerte bedrifter som ynskjer å utvikle seg, enten det gjeld nye produkt, produksjonsmetodar, marknader eller liknande. Kompetanseheving og vidareutvikling i bedriftene må støttast
- Skape eit sosialt nettverk mellom lokale aktørar og kommunen med t.d. frukostmøter
- Fokus på knoppskyting i eksisterande verksemder
- Større fokus på samarbeid mellom skule og næringsliv ved bl.a. lærlingplassar og gründercamp
- Etablere samarbeid med høgskulen i Volda
- Arbeide for utviding av industriområde på Raudemel og vurdere utbygging av industriområde på Lødemel
- Legge til rette for meir tjenesteytande arbeidsplassar innan privat sektor
- Tilby attraktive kontorlokaler
- Tilby attraktiv lokalitet for kompetansesarbeidsplassar
- Tilby eit godt utbygd nettverk med telefibernettverk
  - I første omgang til industriområdet på Ytrehorn og næringskontor i Spar-bygget
- Merkevarerbygging av Hornindal
- Gjennomføre næringsanalyse.



## **2.5 Andre prioriteringar**

### **2.5.1 Nyetableringar**

Kommunen må vere positive til personar og selskap som ønskjer å etablere ny verksemd i kommunen. I tilfeller det er behov for spesiell bedriftsrådgeving som kommunen ikkje kan tilby, må vi kunne støtte kostnader med innleige av slike tenester.

I samband med nyetableringar bør næringsfondet brukast til å støtte både planlegging- / utgreiingsarbeid, marknadsføring og investering. Prosjekt der det ligg føre gjennomarbeida forretningsplanar bør verte prioritert med omsyn til investeringstilskot.

### **2.5.2 Kultur- og handverkstradisjonar**

Formidling av kultur- og handverkstradisjonar er viktig for identitet og tilhøyre. I tillegg er kommunen ofte godt profilert gjennom slik formidling. Det som skil Hornindal frå andre bygder / kommunar er det såleis viktig å ta vare på og vidareutvikle. Vi bør difor gje tilskot til gode prosjekt som formidlar kultur- og handverkstradisjonar frå Hornindal.

Hornindal kommune har lange tradisjonar inna kultur og handverk. Erfaring innan trebearbeiding og møbelproduksjon er grunnleggande for næringsverksemdar som er i kommunen i dag. Dette må vi bygge vidare på.

### **2.5.3 Hornindal kommune**

Hornindal kommune skal vere ein trygg samarbeidspartnar for både nye og etablerte bedrifter i kommunen. Vi ønskjer å ha ein god dialog med etablerte og nye verksemdar.

### **2.5.4 Merkevarer- og omdømmebygging**

Det er behov for tiltak som rettar seg mot merkevarer- og omdømmebygging av Hornindal kommune, og varer og tenester som blir produsert i kommunen.

### **2.5.5 Kvivsvegen**

Kvivsvegtunellen opnar hausten 2012. No er det viktig at effekten av tunellen kjem innbyggjarane i Hornindal til gode. Hornindal kommune har eit godt samarbeid med andre Nordfjordkommunar. Kvivsvegtunellen opnar nye muligheiter for samarbeid nordover til Ørsta og Volda.

### **2.5.6 Hornindalsvatnet som profileringsverktøy**

Noko av det Hornindal er mest kjent for (utanfor kommunen) er at vi ligg ved Europa sin djupaste innsjø. Dette er noko som vi kan bli flinkare til å utnytte i samband med marknadsføring og utvikling av aktivitetar. I samband med nye, eller vidareutvikling av eksisterande, aktivitetar bør ein kunne nytte næringsfondet eller eventuelt andre offentlege tilskotmidlar.



### 3. Handlingsplan 2011 - 2012

<u>Område</u>	<u>Ansvar</u>
<b><u>Bustadar</u></b>	Hornindal kommune = HK
Legge dei 16 ledige tomtane kommunen har byggeklare ut for "sal"	HK
Bidra til etablering av leiligheiter	HK
Kommunal garanti for bygging av leiligheiter	HK
Bulystprosjekt	HK / Hornindal Utviklingslag
<b><u>Landbruk</u></b>	
Bygdeutviklingsprosjekt med fokus på motivasjon, miljøskaping og nytenking	HK / Bondelaget / Bonde- og småbrukarlaget
Kommunal støtte til kjøp av mjølkekvote	HK
Kommunal støtte til nydyrking	HK
Stimuleringstilskot ved generasjonsskifte på bruket	HK/ Bondelag / Bonde- og småbrukarlaget
Stimulere til tilleggsnæring innan landbruket som t.d. hjortefarm, kornøl, m.m. basert på lokale ressursar	HK
Avklaring vern av vassdrag.	Prosjektgruppe m/ ordførar
Arrangement som "bygdekafe" i tillegg til "bondekafe"	HK / Hornindal Bygdekvinnelag
<b><u>Servicenæring, reiseliv og turisme</u></b>	
Støtte etablering av aktivitetsselskap eller andre som kan koordinere og styrke dagens tilbud innan ulike arrangement som t.d. kulturdagane, Grodås cup, og sjå etter nye aktivitetar som t.d. festival, konsertar m.m.	HK
Støtte satsinga på reiseliv i Grendadalen	HK / Hornindal Skisenter / Harevadet hyttegrend
Klarlegge og om mulig legge til rette for lokalitet for sal av varer og tjenester	HK / næringslaget
Klarlegge behov og muligheit for offentleg servicebygg i sentrum	HK / næringslaget
Støtte ulike natur- og kulturretta aktivitetar både for lokalbefolkning og tilreisande	HK / næringslaget
Etablere samarbeid med VAKN om fokus på auka verdiskaping basert på mat, kultur og natur	HK / VAKN
Opparbeiding av badeanlegg ved Groparken	HK / utviklingslaget
Informasjonstavle om Hornindalsvatnet 514 i sentrum	HK / Rolf Taraldset
Merking av turløyper i Hornindal. Merkeprosjekt i samarbeid med Reisemål Stryn og Nordfjord	HK / Reisemål Stryn og Nordfjord
Ski- og sykkeltrase frå Grendadalen til Honndøla bru	HK / skisenteret og skigruppa

<b>Industri og næringsutvikling</b>	
Arbeide for utviding av industriområde på Raudemel og vurdere utbygging av industriområde på Lødemel	HK
Vidareutvikle eit sosialt nettverk mellom lokale aktørar og kommunen med t.d. frukostmøter	HK og næringslaget
Næringsutvikling basert på kultur og handverkstradisjonar	HK / VAKN
Trebearbeidingsprosjekt – nye arbeidsplassar som bygger på lokale handverkstradisjonane. Samarbeid med eksisterande verksemder kan danne grunnlag for nye arbeidsplassar	HK / næringslag og bedrifter
Igangsette prosjekt med fokus på knoppskyting i eksisterande verksemder	HK
Større fokus på samarbeid mellom skule og næringsliv ved bl.a. Ungt Entreprenørskap, gründercamp og lærlingplassar	HK / Ungt Entreprenørskap /skulen
Tilby attraktive kontorlokaler	HK
Utbygging av fibernettverk i kommunen	HK
Merkevarebygging av Hornindal	HK

#### 4. Oppfølging og rullering

Planen vert å evaluere/rullere ein gong i året av UFU. Dette bør vere ei evaluering av planen, der ein tek stilling til om ein skal endre den. Er det behov for større endringar bør det skje i form av ei hovudrullering. Mindre endringar kan ein ta inn i planen ved den årlege rulleringa.

Tiltak som er utført, i samsvar med plan, kan ein ta ut av planen ved årleg rullering. Nye tiltak innanfor dei prioriterte hovudtiltaksområda kan ein likeeins innarbeide i planen årleg.

Det kommunale arbeidet knytt til næringsutvikling skal ha eit fokus som samsvarar med næringsplanen. Planen skal vere ein reiskap for administrasjonen og politikarane når dei skal gjere prioriteringar innanfor næringsutviklingsarbeidet i kommunen, for eksempel ved løyvingar frå det kommunale næringsfondet.

Innanfor gjevne rammer (budsjett, stillingsheimlar, mv.) bør ein følgje opp dei strategiar og tiltak som er vedtekne i næringsplanen. Planen må også sjåast i samanheng med andre kommunale planar. Ved avvik frå planen i konkrete saker bør spørsmål om revidering/rullering takast opp. Rådmannen er ansvarleg for arbeidet som personar i kommunen skal gjere, og kan administrativt omfordele oppgåver. Planen bør såleis vere eit tilbakevendande tema i leiargruppa.

Politikarane i Hornindal har eit overordna ansvar for at næringslivet i kommunen har gode utviklingsmulegheiter. Dei skal mellom anna passe på at administrasjonen prioriterer rett innanfor næringsutviklingsarbeidet. Utval for utvikling og formannskap bør vere ekstra aktive i høve til oppfølging av næringsplanen. Dette gjeld også budsjettarbeidet, som er svært avgjerande for korleis næringsplanen kan følgjast opp.

Det skal vere fire søknadsfristar pr. år på næringsfondet.

Følgjande prinsipp skal gjelde ved tildeling av midlar frå næringsfondet: Tilskot frå næringsfondet skal ha utløysande effekt på tiltaket. Det betyr at ein som hovudregel skal gi tilskot til prosjekt som ikkje er oppstarta.

Kommunestyret føreset at det vert teke omsyn til næringsplanen ved utarbeiding av budsjett for 2011 og økonomiplan for 2012 – 2014.

